

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

**Bjørnar Hamre** sette fram forslag til nytt pkt. 3:

«Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke saman med Hamre sitt forslag til nytt pkt. 3.

### INNSTILLING

1	Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning.
2	Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016.
3	Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.